

Underteikna og eigarar av Gb nr. 266/1 og 2, har fallrettar i Berstadelva opp til ca. 100 meter over havet og har planar om utbygging av kraftverk. Konsesjonssøknaden frå Stad kommune slik den er presentert inneber ei bandlegging og rådigheitsinnskrenking av ein fornybar ressurs som grunneigarane på Berstad i dag har råderett over utover det som er naudsynt for å sikre behovet til reservevasskjelde til Selje vassverk.

Vi meiner at utbygging av Berstad vassverk kan kombinerast med vidare kraftproduksjon. Verdien og moglegheita som ligg i eit samarbeid på dette området kan gje ei betre ressursutnytting av Berstadelva. Med så store inngrep, bør spørsmålet om kraftproduksjon vere med i vurderinga av tiltaket. Dette vil gje ein større samfunnsnytte når ein først skal gjere denne type inngrep. Vi syner i denne samanheng til søknad til NVE saksnummer 202404852.

I konsesjonssøknaden for uttak av vatn til Berstad vassverk, er gjennomføring av vassverket knytt oppimot Stad skipstunnel og dei planlagde industriområda. Dersom Stad skipstunnel ikkje blir bygd eller blir utsett i tid av ulike årsaker kjem det fram av kommunikasjonen frå Stad kommune at ein *ikkje* vil bygge ut Berstad Vassverk. Kommunen har til dømes ikkje lagt Berstad Vassverk inn i forslaget til økonomiplan dei fire neste åra. Det samfunnsmessige behovet for å få konsesjon med bakgrunn i behov for drikkevatt verkar såleis ikkje å ha fyrste prioritert frå kommunen si side.

Underteikna ber om at NVE tek omsyn til innspela ovanfor gjennom å:

- stille krav til at søkjar Stad kommune koordinerer sin konsesjonssøknad med vårt initiativ i området, eller at kraftutbygging inngår som ein del av søknadsprosessen vidare.
- set frist for iverksetting av tiltaket slik at ikkje grunneigarane blir «gissel» knytt til uvissa med om og når Stad Skipstunell blir bygd.
- eller på anna måte sikre ei koordinering av prosessane her slik at både omsynet til behov for drikkevatt og omsynet til produksjon av fornybar energi og grunneigarane sine rettar vert tatt i vare.

Mvh

Per Helge Helgesen